

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	FE - 614	17/1090

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
78/2017	Formannskapet	PS	14.06.2017

Alternative lokale for Meland bibliotek, frivilligsentralen og kulturadministrasjonen

Vedlegg:

Alternative lokale for Meland bibliotek, frivilligsentralen og kulturadministrasjonen

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Viser til FS-sak 69/17 som vart utsett i møtet 31.05.17. Administrasjonen vart i møtet bedt om å vurdere andre alternativ for kontor til kommunepsykolog og komme tilbake med utgreiing på dette til ekstramøtet i formannskapet 14. juni.

Det er fleire tenesteområde som er involvert i den aktuelle problemstillinga, og det har vore kort tid til å drøfte med alle involverte. Administrasjonen har likevel sett på ulike alternativ og prøvd å sjå føremoner og ulemper ved desse.

Alt. 1:

Ved Meland sjukeheim skal det mellombels plasserast eit mindre modulbygg for å framstaffe kontorkapasitet for heimetenesta slik at dei to siste pasientromma på langtidsavdelinga kan opnast. Dette modulbygget kan om mogleg utvidast med eit ekstra kontor. Det vil verte noko meir utgifter til leigekostnader, graving, montering, demontering, transport og elektrikararbeid. Estimert tillegg for 1 modul vil ligge på ca. kr 70 000, eks mva for 18 mnd leige.

Alt 2:

Med bakgrunn i naturleg avgang og omdisponering av stillingsressurs vil det verte ledig eit kontor på rådhuset frå hausten av. Det kan då gjerast interne omrokkingar, men alternativet inneber også noko meir kontordeling på Plan, utbygging og kommunalteknikk.

Vurdering

Alternativ 1 inneber auka kostnader. For 2017 kan kostnadene løysast innan gjeldande budsjetttramme. Løysinga inneber auka areal for psykisk helse- og rusteneste, men ein oppnår ikkje samlokalisering med øvrig del av denne tenesta og ein vil få enda meir arealmessig oppsplitting enn ved dagens ulike lokalitetar. Flytting av tenesteområde Kultur til modulbygget ved Meland

sjukeheim vil krevje større areal enn det som er til rådvelde og vert ikkje vurdert som aktuelt.

Alternativ 2 inneber ingen kostnader. Den interne omrokkinga gjer at tenesteområde Helse får disponere eit relativt stort kontor. Dei kan då sjølv avgjere korleis dei vil disponere dette, og problemstillinga kring manglande kontorkapasitet for kommunepsykolog og også for ny eksternfinansiert 50% stilling innan rus/psykiatri vil bli løyst.

Begge løysingar er uansett mellombelse. Begge løysingar har vidare det til felles at dei dei løyser plassproblemet for psykisk helse og rusteneste, men ikkje arealutfordringane for Meland bibliotek.

Konklusjon:

Administrasjonen ser det som svært viktig at ein får lyst ut og gått i gang med rekrutteringsprosessen på kommunepsykologstillinga. Etter å ha drøfta med dei involverte tenesteområdeleiarane vil administrasjonen konkludere med at alternativ 2 er det mest føremålstenlege i den aktuelle situasjonen.

Administrasjonen legg vidare til grunn at begge dei to omtalte alternativa ligg under rådmannen sitt ansvar og mynde, og at det ikkje er nødvendig med eit politisk vedtak på val av alternativ. (Saka om eventuell utvida leigekontrakt for Meland bibliotek/tenesteområde kultur var av ein heilt annan karakter, og vart difor fremja som politisk sak.)

Folkehelse: Ikkje aktuelt i saka.

Miljø: Ikkje aktuelt i saka:

Økonomi: Det er gjort greie for dei økonomiske implikasjonane i saksutgreiinga.

Framlegg til vedtak:

«Formannskapet tar saka til orientering»

Formannskapet - 78/2017

FS - behandling:

FS - vedtak:

«Formannskapet tar saka til orientering»